



SÆRUTSKRIFT AV MØTEBOK

Behandla i:
Formannskapet

Møtedato: **05.09.2016** Sak nr:
61/16

Saksbehandlar: Ivar Undheim
Arkivsak: 16/2737-5

Arkiv: 024

HØYRING OM NYE OPPGÅVER TIL STØRRE KOMMUNAR

Kommunal- og moderniseringsdepartementet har sendt ut høringsnotat om overføring av nye oppgaver til kommunane. I notatet vert det gjort greie for kva oppgaver departementet ønskjer å overføra, og framlegg til lovendringar i samband med overføringa. Utgangspunktet for høyringa er Stortinget si behandling av Meld.St.14 (2014-2015) Kommunereformen - nye oppgaver til større kommuner, der Stortinget slutta seg til framlegget om overføring av oppgaver til kommunane.

Departementet tek sikte på å leggja fram ei samla lovproposisjon om nye oppgaver til kommunane våren 2017, samtidig med framlegg om ny kommunestruktur og nytt folkevalt regionalt nivå.

Oppgåvene som er føreslått overførte til kommunane er vigsler, enkle notarialoppgaver, vilt- og innlandsfiskeforvaltning, einskilde oppgaver etter forureiningslova, tilskott til etablering i eigen bustad, tilskot til tilpassing av bustad, idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av symjeanlegg, nærings- og miljøtiltak i skogbruket, beitetilskott og kollektivtransport.

Når det gjeld oppgaver innan barnevernet, rehabiliteringsområdet, vannkraftkonsesjon, sekretariat for forlikrådet, tannhelsetenester og basishjelpemidler som Stortinget har slutta seg til, følgjer desse eigne løp og er ikkje med i denne høyringa.

Stortinget har bede regjeringa greia ut auka kommunalt sjølvstyre innan namnsetting/adresse- og skiltpolitikken og skoleskyss i grunnskulen. Vidare har Stortinget bestilt utgreiing av miljøgebyr, overføring av tilskot til frivillighetssentralar og betre samordning av kommunal og statleg del av NAV. Desse sakene vert også omtalte i andre meldingar, og er ikkje del av høyringa.

Klepp kommune er høringsinstans, og høringsfristen er 1. oktober 2016.

Det vert i denne saka gjort greie for kva framlegget om lovendringar kan innebera for Klepp kommune og rådmannen gjer framlegg om uttale frå kommunen.

Saksopplysningar

Utgangspunktet for høringsnotatet og framlegga til lovendringar er at regjeringa meiner ein endra kommunestruktur med større kommunar vil leggja grunnlag for å overføra fleire oppgaver til kommunane.

I høringsnotatet er det framlegg om at hovudtyngda av oppgaver vert overførde frå 2020, samtidig med etableringa av nye kommunar. Nokre oppgaver vert vurdert overførte før dette.



Overføring av vigselmynd

Departementet foreslår at kommunane kan overta enkelte notarialoppgåver frå notarius publicus. Ein av desse er retten til å utføra vigslar.

Kompetansen til å føreta vigslar i kommunane vert lagt til ordførar, varaordførar eller personar i kommunen som kommunestyret gir slik fullmakt. Departementet foreslår ei lovfesta plikt for kommunen til å ha eit kommunalt vigseltilbod til eigne innbyggjarar og innanfor kommunegrensa. Kommunen kan sjølv vedta å utvida tilbodet til andre personar og stader.

Stortinget har føresett statleg fullfinansiering av den pålagde oppgåva.

Overføring av notarialoppgåver

Departementet foreslår at kommunen får i oppgåve å gje notarialstadfestingar, som stadfesting av underskrift og rett kopi. Kommunen sitt notarialmynde på området kjem i tillegg til lensmann, namsfogd og politistasjonssjef sitt mynde til å utføra dei same notarialstadfestingane. Overføringa av mynde til kommunen skal gi innbyggjarane lettare tilgang til tenesta. Lovframlegget gjev leiaren av kommunerådet og administrasjonssjefen i kommunen fullmakt til å bekrefte underskrift og rett kopi, og til å delegera notarialmyndigheten vidare.

Stortinget har føresett statleg fullfinansiering av oppgåva.

Fastsetting av jakttid og løyve til innlandsfiske

Departementet gjer framlegg om at forskrifta om jakt- og fangsttider vert endra slik at fylkeskommunen sitt ansvar for å fastsetja jakt- og fangsttider for kanadagås og stripegås vert overført til kommunen.

Vidare er framlegget at forskrift om innlandsfiske vert endra slik at fylkeskommunen si fullmakt til å forby fiske av artar som er lokalt eller regionalt trua vert overført til kommunane.

Utslepp frå grønnsaksvaskeri og støy frå motorsportbanar, skytebanar og vindmøller

Departementet gjer framlegg om at Forureiningslova vert endra slik at fylkesmannen si fullmakt til å gi tillatelse til utslepp frå grønnsaksvaskeri vert overført til kommunane. Der grønnsaksvasking er ein del av ei anna verksemd, skal konsesjon framleis behandlast av fylkesmannen.

Vidare er framlegget at saker som gjeld støy og støv frå motorsportbanar, støy frå sivile skytebanar og støy frå vindmølle vert overførte frå fylkesmannen til kommunane. Dersom støy og støv frå motorsportbanar eller støy frå skytebanar er regulert tilfredsstillande i reguleringsplan, kan det vera unødvendig å behandla konsesjon etter forureiningslova i tillegg.

Av høringsnotatet går det fram at overføring av desse oppgåvene til kommunane skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar, men departementet meiner endringane vil få begrensa økonomiske og administrative konsekvensar.

Tilskot til etablering i eigen bustad og tilskot til tilpassing av bustad

Departementet foreslår å overføra Husbanken sitt tilskott til etablering og den personretta delen av tilskot til tilpassing av bustad til kommunane sitt rammetilskot.

Bustøttelova vert foreslått utvida med eit kapittel som slår fast at kommunen har plikt til å vurdere tilskot til etablering i eigen bustad og tilskot til tilpassing av bustad for personar med funksjonsnedsettingar. Tittelen på lova vert endra til «*Lov om bustøtte og kommunale bustadtilskot*». Lovendringa gjev kommunen plikt til å vurdere søknader om finansiering av etablering i bustad og bustadtilpassing, men ho gjev ikkje rettar til einskildindivid.

Med endringa vil Husbanken ikkje lenger tildela tilskot mellom kommunane, eller bruka ressursar på rapportering og kontroll av bruken av tilskotsmidlane. Midlane vil inngå i rammetilskotet og verta tildelt ut frå dei kriteria som gjev grunnlag for rammetilskotet.

Det framgår av merknad i høyringsnotatet at kommunen skal utøva skjønn i vurderinga av den enkelte sin situasjon og føremålet med ordninga, men at kommunen bare kan leggja vekt på saklege og relevante omsyn og ikkje forskjellsbehandla søkjarane på usakleg vis.

Sidan staten ved ei overføring ikkje vil ha oversyn over aktiviteten på det bustadsosiale området, kan det verta aktuelt med andre tiltak for å få informasjon om aktivitet og måloppnåing.

Etter høyringsnotatet skal overføringa av oppgåver til kommunane følgjast av ei tilsvarande overføring av økonomiske ressursar.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av symjeanlegg

Departementet føreslår at kommunane får fullmakt til å foreta idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning av planar for bygging eller rehabilitering av symjeanlegg for søknad om spelemidlar. Dersom kommunen ikkje ønskjer å bruka fullmakta, kan søknaden sendast departementet som i dag.

Etter departementet si vurdering får tildelt fullmakt ikkje store økonomiske eller administrative konsekvensar.

Tilskot til tiltak i beiteområde

Forskrift om tilskot til tiltak i beiteområde vert føreslått endra slik at kommunen fattar vedtak om tilskott, kontrollerer og utbetalar tilskotet. Kommunen får etter framlegget fullmakt til å fastsetja søknadsfrist og forlenga gjennomføringsfristen. Fylkesmannen vil føra kontroll med kommunen si forvaltning av tilskotsordninga.

Departementet anslår at dei økonomiske og administrative kostnadene inklusiv endring av fagsystem vil vera moderate, og at overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar.

Kollektivtransport

Departementet føreslår at kommunar skal kunna overta ansvar for kjøp av transporttenester og å yta tilskot til slik transport innafor eigen kommune. Fylkeskommunen vil framleis ha ansvar for kjøp av transporttenester i resten av fylket, og for ruter som kryssar grensen mellom kommunen og fylket.

Det går fram av notatet kva vilkår som vert lagt til grunn for ei oppgaveoverføring, mellom anna felles bustad-, arbeids- og serviceregion, tilstrekkeleg marknadsgrunnlag og samarbeid med fylket om heilskapleg kollektivtilbod.

Det ligg til grunn at 100 000 innbyggjarar er eit hensiktsmessig befolkningsgrunnlag for at ein kommune skal kunna ha ansvaret for kollektivtransport. Kommunestyret i dei aktuelle kommunane må søkja om å overta ansvaret for kollektivtransporten.

Vurdering:

Etter rådmannen si vurdering, kan nokre av oppgåvene som vert føreslått overførde til kommunen inngå som ein naturleg del av saksbehandlinga, og kan dermed støttast.

Dette gjeld til dømes overføringa av notarialmynde, som vil gi innbyggjarane god tilgang til stadfestinga av underskrift og rett kopi. Det same gjeld fullmakt til å via folk.

Nokre av oppgaveoverføringane departementet føreslår vil etter rådmannen si vurdering ikkje gi effektivisering i forvaltinga, eller betre tilgjenge for innbyggjarane.

Forvalting av jakt og innlandsfiske har Klepp for tida ein viss kompetanse på.

Godkjenning av symjeanlegg krev at kommunen har spesialkompetanse for å utøva oppgåva, ei oppgåve som det kan gå tiår mellom kvar gong det er aktuelt.

Rådmannen meiner ei overføring av denne oppgåva kan vera mindre effektivt enn dagens ordning.

Når det gjeld tilskot til bustad meiner rådmannen at det ikkje vil vera hensiktsmessig å leggja denne ordninga inn i rammetilskotet. Dei kriteria som ligg til grunn for rammetilskot tek etter rådmannen si vurdering ikkje tilstrekkeleg omsyn til forskjellar mellom kommunane i behovet for tilskot til etablering i eigen bustad og tilpassing av bustad. Behovet er avhengig av om området har stor folkevekst, kostnadsnivået på bustader i den enkelte kommunen og enkeltpersonar sine særskilde behov, som kan variera mykje frå år til år. I ein stram kommuneøkonomi må lovpålagde tenester prioriterast, og dette kan då vera eit område som vert skadelidande.

Når det gjeld kollektivtransport, er det ikkje aktuelt for kommunar med Klepp sin størrelse å overta ei slik oppgåve. Men sidan det er mogleg at andre kommunar i regionen kan få eit slikt ansvar, vil Klepp ha interesse av korleis ansvaret for det regionale kollektivtilbodet vert påverka av ordninga. Rådmannen ønskjer å spela inn i høyringa at dersom ansvaret for kollektivtransporten vert overført til større kommunar, er det ein sentral føresetnad at den aktuelle store kommunen må samarbeida med fylkeskommunen for også å leggja til rette for god regional kollektivtransport.

Konklusjon

Rådmannen tilrår at Klepp formannskap gjer vedtak om å oversenda framlegget til svar i høyringa om nye oppgåver til større kommunar til Kommunal- og moderniserings-departementet.

Vedlegg:

- Fråsegn til høyring om nye oppgåver til større kommunar

Innstilling:

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

Høyring om nye oppgåver til større kommunar vert godkjende og oversende Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Formannskapet den 05.09.2016 sak 61/16

Behandling:

Forslag frå Roar Lima Grødeland -sp

Kollektivtransport bør framleis vera ei regional oppgåve.

Forslag frå Ane Mari Braut Nese -h og Torbjørn Hovland -krf

Klepp kommune finn det ikkje naturleg at vigsel høyrer heime blant ordførar og kommunen sine oppgåve.

Votering:

Innstillinga saman med forslaget frå Roar Lima Grødeland -sp, forslaget frå Ane Mari Braut Nese -h og Torbjørn Hovland -krf fekk 9 stemmer.

Einstemmig VEDTAK:

Høyring om nye oppgåver til større kommunar vert godkjende og oversende Kommunal- og moderniseringsdepartementet med slikt tillegg:

1. Kollektivtransport bør framleis vera ei regional oppgåve.
2. Klepp kommune finn det ikkje naturleg at vigsel høyrer heime blant ordførar og kommunen sine oppgåve.

Rett utskrift, 09.09.2016

Wigdis B. Detlie
formannskapssekr.

Utskrift til:

Det kongelige kommunal- og moderniseringsdepartement, Postboks 8112 Dep., 0032 OSLO
KS-Rogaland, Postboks 539, 4003 Stavanger